

# Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa, Vang kommune, Innlandet

**Heimel:** Fastsett av **[hovudutval for levekår i Vang kommune]** **[dato]** med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd.

## § 1. Formål

Forskrifta har som føremål å sette vilkår om permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa etter opplæringslova § 2-2.

## § 2. Verkeområde

*Forskrifta gjeld for elevar ved Vang barne- og ungdomsskule.*

## § 3. Vilkår for permisjon frå grunnskuleopplæringa

Permisjon frå den pliktige opplæringa kan ein elev, etter søknad, få for maksimalt ti skuledagar i skuleåret.

Det er eit vilkår for å få permisjon at opplæringa som eleven får gjennom skuleåret samla sett er forsvarleg.

Foreldra har ansvar for at eleven får den opplæringa som må til for å følgje med i undervisninga på skulen etter permisjonen.

Elevar som er medlemar av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har heilagdag. Retten til permisjon føreset at foreldra sørger for at eleven får den opplæringa som må til for å følgje med i undervisninga på skulen etter permisjonen.

## **§ 4. Behandling av søknader om permisjon**

Det er rektor som avgjør om det er forsvarleg å gi permisjon.

Søknad om permisjon skal sendast skulen seinast 4 veker før ønska permisjon.

## **§5. Klage**

Det kan klagast på vedtak om permisjon. Klage skal sendast skulen ved rektor.

Dersom skulen ikkje gir klagar medhald, blir klagga sendt kommunalsjef for utdanning og kultur til endeleg avgjerd.

## **§6. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft straks.